

REGULERINGSFØRESEGNEN I TILKNYTING TIL REGULERINGSPLAN FOR ~~DEL~~  
~~AV GNR. 56, BNR. 2, 14, 15, 16 OG 11 LEIRVIK, LEIRVIK PÅ SUSORT-~~

§ 1 Det regulerte området på planen er vist med reguleringsgrense. Innanfor det regulerte området skal arealbruken vera som vist på planen.

Byggjegransa mot sjø er som vist i plankartet. Der byggjegransa ikkje går fram av plankartet, samsvarer ho med formålsgransa.

### Byggeområder.

#### A. Områder for bustadbygging.

§ 2 ~~Det vert berre tillate oppført frittliggjande einestader på 1 etasje med grunnmur ikkje over 70 cm. Det tillatast oppført heilårsbustader i 1 etasje med tilhøyrande teknisk anlegg, garasje og uthus. Bustader skal ikkje ha større høgde enn følgjande:~~

- ~~Flattak:~~ Maksimal gesimshøgde er 4 meter.
- ~~Saltak eller valmtak:~~ maksimal gesimshøgde er 4 meter, og maksimal mønehøgde er 5,5 meter.
- ~~Pulttak:~~ Gesimshøgda på lågaste gesims skal ikkje overstige 4 meter, medan høgaste gesims skal ikkje overstige 5,9 meter.

Der terrenget etter ~~bygningrådet kommunen~~ sitt skjønn ligg til rette for det, kan ~~bygningrådet kommunen~~ tillate innreia underetasje i samsvar med bestemmelsane i ~~byggjeforskriftene plan- og bygningssloven. I tillegg kan garasje tillatast.~~

§ 3 Bygningane skal plasserast innanfor tillatt byggeområde på tomte. Retninga vert godkjent av ~~bygningrådet kommunen~~.

§ 4 Det kan byggjast på inntil ~~1/5 av nettoarealet~~ 35% BYA av kvar einskild tomt, ~~i tillegg kjem~~ inkludert garasje, uthus og liknande.

§ 5 Garasjen skal fortrinnsvis oppførast som tilbygg til bustadhuset, og tilpassast dette med omsyn til materialval, form og farge. ~~Bygningrådet Kommunen~~ kan tillate oppført frittliggjande garasje dersom forholdera tilseier dette. ~~Garasjen kan berre oppførast i 1 etasje med grunnflate ikkje over 35 m<sup>2</sup>. Garasjen kan oppførast med eit areal på maks BRA 50 m<sup>2</sup>. Garasje kan innanfor bestemmelsane i byggjeforskriftene oppførast i nabogrensa.~~

~~Der bygningrådet finn det tilrådeleg, kan~~ Garasje som får lengderetning langs vegen, tillatast plassert inntil 2 m frå vegkant. ~~Garasjen si endelege plassering vert fastsett av bygningrådet.~~ Plassering av garasje skal vera vist på situasjonsplan som følgjer byggjemelding for bustadhuset, sjølv om garasjen ikkje skal oppførast samtidig med dette.

I tillegg til garasje skal det vera oppstillingsplass for 1 bil på eigen grunn.

§ 6 ~~Bygningane skal ha saltak eller valmtak. Takvinkelen vert fastsett av bygningsrådet, som kan krevja at bygningar i same gruppe eller langs same vegstrekning skal ha lik takvinkel.~~

#### Ømråde for forretningar, kontor m.m. Friområde og leikeplass

§ 7 ~~Ømråda kan delast opp utifrå behova til kvar einskild bedrift, men grensene må i kvart einskild tilfelle godkjennast av bygningsrådet. Parsellane skal ha mest mogleg regelmessig form.~~

§ 8 ~~Innanfor bebyggelsesområdene kan det oppførast handverksbedrifter, kontor og forretningslokaler. Anlegget sin art, utforming og plassering skal i kvart einskild tilfelle godkjennast av bygningsrådet. Bedrifter som etter bygningsrådet sitt skjønn er sjenerande for bustadområdet på grunn av støy og røyk, vert ikkje tillate.~~

§ 9 ~~Bygningane kan oppførast i inntil 2 etasjar, men generelt ikkje høgare enn 9,0 m. Bygningskonstruksjonane skal vera branntrygge.~~

§ 10 ~~Innhegning og opparbeiding av området skal leggjast fram for bygningsrådet for godkjenning. Området vest for byggjegransa mot bustadtomtene, skal fortrinnsvis setjast av til grøntområder og beplantast.~~

§ 11 ~~Det skal opparbeidast 1 biloppstillingsplass pr. 25 m<sup>2</sup> forretningsareal, samt 1 plass for 100 m<sup>2</sup> lager.~~

§ 12 I friområda kan ~~bygningsrådet med formannskapet sitt samtykke kommunen~~ tillate oppført bygningar som har naturleg tilknytning til friområder og som ikkje vil vera til hinder for bruk av område som friområde. ~~Leikeplassar skal opparbeidast i takt med utbygginga.~~

#### **Spesialområder.**

§ 13 På dei innteikna spesialområda ~~G og F~~ **trafo/Sjakthus** skal det oppførast bygningar i samband med ~~reinseanlegg~~ **trafo** og sjakthus. Desse skal i størst mogleg grad leggjast ned i terrenget, og val av materialer og utføring skal godkjennast av ~~bygningsrådet~~ **kommunen**. Spesielt i område ~~F~~ **for sjakthus** må eksisterande terreng bevarast i størst mogleg grad.

#### **Fellesføresegner.**

§ 14 Private avkjørsler direkte til nåverande Fv. 4780 vert ikkje tillatt. Det same gjeld andre vegar som etter ~~bygningsrådet~~ **kommunen** sitt skjønn kan få ein slik trafikkbelastning at det kan oppstå fare.

§ 15 Innanfor dei viste frisiktliner i vegkryss, skal det vera uhindra sikt ned til 50 cm. over dei kryssande vegar sitt planum.

- § 16 Innhegningar skal i same vegflukt vera av likt materiale og ha same høgd. Gjerde skal plasserast minimum 1 m frå vegkant og ikkje vera høgare enn 0,8 m over vegplanum, i skjering og fylling kan bygningsrådet kommunen fastsetje annan høgd. ~~Oppsetjing av gjerde, høgd og farge skal godkjennast av bygningsrådet.~~
- § 17 Forstøttingsmurar langs vegar er ikkje tillate. Dersom særlege grunnar føreligg, kan bygningsrådet kommunen godkjenne forstøttingsmurar og setje krav til høgd, utforming og utføring av desse.
- ~~§ 18 Bygningsrådet kan fastsetje utvendig material- og taktekkingsmateriale, kan krevje at grupper av hus skal fargesetjast etter samla plan.~~
- ~~§ 19 Når særlege grunnar føreligg, kan bygningsrådet gjera unnatak frå desse føresegnene innanfor ramma av bygningslovgivinga.~~
- § 20 Eksisterande terreng bør i størst mogleg grad bevarast.
- § 21 Leikeplassar skal opparbeidast i takt med utbygginga av området.

### **Fareområde Gasstrase**

- § 22 I fareområdet er det, utan samtykke frå Gassco og Equinor eller annan leidingseiar, forbod mot å utføra grunnarbeid som kan skada røyrleidningar eller tunnelar. Dette omfattar mellom anna sprenging og boring etter jordvarme.
- § 23 Det er innanfor fareområdet, utan samtykke frå Gassco og Equinor eller annan leidingseiar, forbode mot å bruka gravemaskin eller andre maskiner ut frå størrelse og bruk kan skada røyrleidningar eller tunellar.
- § 24 Ved aktivitet i fareområdet skal ein forsikra seg om at aktiviteten ikkje kan komme i konflikt med sikringssona under røyrleidningar eller tunellar uner bakken. Dette omfattar mellom anna boring og sprenging.

Førdesfjorden 28.12.81  
Stadfesta 20.08.82